



## Trafikkplan

Transport til og frå skulen er dei føresette sitt ansvar. Skulen kan ikkje føre tilsyn med dette.

Ordensreglementet gjeld også på skulevegen i det som gjeld oppførsel og rusmidler.

### Tog

Mange elevar tek toget. Då er det viktig å hugse:

#### På perrongen

- det er forbode å bruke sparkesykkel på perrongen
- det er forbode å springe eller herje på perrongen

#### I toget

- snakke roleg og vere roleg
- ikkje springe/bruke sparkesykkel inne i toget
- ikkje gjere skade på noko i toget

### Sykling til/frå skulen

Elevane kan gjerne sykla til skulen. Når ein kjem til skulen parkerer ein sykkelen på tilvist plass. Ein skal ikkje sykla på skulen sitt område i skuletida.

Foreldra vurderer når dei tykkjer elevane kan byrja å sykla til skulen. Trygg Trafikk seier born bør venta til dei er 10 - 12 år før dei syklar åleine i blandingstrafikk. Det er påbudt med hjelm!

<http://www.tryggtrafikk.no/tema/sykkel-og-sykkelhjelm/laer-egne-barn-a-sykle/>

rev 24.06.15 OM